



Arkivnr: 2015/9089-3
Saksbehandlar: Ragnhild Ravna Skjærvik

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Yrkesopplæringsnemnda		09.03.2017
Utval for opplæring og helse		14.03.2017

Tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017

Samandrag

Opplæringsavdelinga ved fagopplæringskontoret har utarbeidd ein tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland for 2017. Planen er i tråd med strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland. Tiltaka i planen for 2017 skal bidra til at vi når måla i strategiplanen for perioden 2016-2019.

Planen skal rullerast i samarbeid med yrkesopplæringsnemnda kvart år og leggjast fram for opplærings- og helseutvalet til orientering. Innhaldet i planen har vore oppe til diskusjon i møte i yrkesopplæringsnemnda 31. januar 2016. Medlemmene i nemnda har i tillegg kome med innspel til administrasjonen.

Forslag til vedtak

Utval for opplæring og helse tek tiltaksplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2017 til orientering. Tiltaksplanen vil prioritere:

- Arbeide med å auke opplæringskapasiteten i offentlege verksemder i tråd med tilrådingane til KS.
- Ferdigstille regional plan for kompetanse og arbeidskraft.
- Utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.
- Prosjekt: kartlegging av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland.
- Prosjekt: fleire ut i lære.
- Gjennomføre 40 dialogmøte med opplæringskontor.
- Gjennomføre 100 bedriftsbesøk.
- Utarbeide lokal samfunnskontrakt i Hordaland.
- Utarbeide handlingsplan mot mobbing.
- Gjennomføre observasjon under fag-/sveineprøvar i dei 25 største faga.
- Utarbeide rutinar for oppnemning av prøvenemnder.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Svein Heggheim
fylkesdirektør opplæring

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 20.02.2017

Tiltaksplanen for 2017 er forankra i strategiplan for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019, overordna strategiar for fylkeskommunen og opplæringsavdelinga. Opplærings- og helseutvalet slutta seg til strategiplanen for fag- og yrkesopplæringa i Hordaland 2016-2019 i september 2015.

Fagopplæringskontoret har starta eit systematisk arbeid for å nå måla i strategiplanen. I 2016 blei det utarbeidd ein tiltaksplan som Utval for opplæring og helse slutta seg til i februar 2016. Planen for 2017 vidarefører arbeid frå 2016 samtidig som nye tiltak vil bli sett i verk. Innhaldet i planen har vore oppe til diskusjon i møte i yrkesopplæringsnemnda 31. januar 2016. Medlemmene i nemnda har i tillegg kome med innspel til administrasjonen.

Statistikk 2016

I 2016 vart det teikna 2230 nye lærlingkontraktar i Hordaland, og talet har aldri vore høgare. Det er ein auke på om lag 130 kontraktar frå 2015. Dette er ei gledeleg utvikling sett i høve til den aukande ledigheita og den mykje omtala krise vi har i delar av arbeidslivet langs vestlandskysten. Det er ei vridning mot at det offentlege tar inn fleire lærlingar, og helsearbeidarfaget er for fyrste gong blitt det største faget i Hordaland. Inni desse 2230 nye kontraktane ligg det også 80 kontraktar teikna med personar med mål om grunnkompetanse som lærekandidat. Tal opplæringskontraktar har auka monaleg i 2016. Auken kan ha samanheng med opprettinga av opplæringskontoret for arbeidsmarknadsbedrifter i 2015.

Det vart godkjent 195 nye lærebedrifter i 2016. I samband med godkjenninga har 188 personar teke fagopplæringskontoret sitt nettbaserte kurs for nye lærebedrifter, og 25 personar har delteke på det same kurset i fylkeshuset. Det er gjennomført 42 kurs for fagleg leiar/instruktør med 923 deltakarar. 24 opplæringskontor deltok på dialogmøte med seksjonsleiar fagopplæring, og det er gjennomført 90 bedriftsbesøk. Det vart gjennomført 3110 fag-/sveineprøvar, og det blei gjennomført kurs for prøvenemnder i 55 fag.

Betre balanse

I 2016 har fylkeskommunen tilsett ein lærlingkoordinator som skal koordinere arbeidet med alle lærlingane i fylkesadministrasjonane og i fylkeskommunen sine verksemder. Det vert jobba systematisk med å auke talet på lærekontraktar i eigen organisasjon, og ambisjonen om 80 løpande kontraktar ligg fast.

Fagopplæringskontoret har delteke i arbeidet med regional plan for kompetanse og arbeidskraft, og planen skal opp til behandling i fylkestinget hausten 2017. Fagopplæringskontoret har leia arbeidet med dimensjonering av utdanningar, som er eit kapittel i planen. Fokus på arbeidslivet sin trong for kompetanse og arbeidskraft vert tydeleg vektlagt i forhold til dimensjonering. Fagopplæringskontoret vil vidareføre arbeidet med å auke opplæringskapasiteten i offentlege verksemder. I samband med dette er det planlagt ei samling med yrkesopplæringsnemnda og kommunane.

Kvalitet i fagopplæring

Vi skal vere ein pådrivar for å utvikle ei opplæring i bedrift som er kjenneteikna av heilskap, kvalitet og tenleg organisering og som gir arbeidslivet relevant kompetanse. I arbeidet med å nå måla gitt i strategiplanen må vi sjå heile det 4-årige løpet under eitt. Ei av årsakene til at ungdom ikkje fullfører opplæringa, er at dei ikkje får seg lære plass. Årsakene til dette er samansette, og det finst inga enkel løysing. Vi skal utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.

For å sette i gang tiltak treng vi kunnskap for å kunne ta viktige vegval. Handelshøgskolen BI har fått i oppdrag å gjennomføre eit prosjekt der dei skal kartleggje fag- og yrkesopplæringa i Hordaland. På bakgrunn av resultatane skal dei utvikle eit pilotprosjekt som skal gjennomførast på to utvalde skular. Prosjektet skal ha form av eit intervensjonsprosjekt, der BI skal styre mykje av piloten. Dette arbeidet vil ha nasjonal betydning og har allereie vekt nasjonal merksemd. Prosjektet omfattar nokre av dei mest erfarne forskarane frå BI og vert leia av professor Johan From.

Samstundes har vi og sett i gang prosjektet «fleire ut i lære», som er ei politisk bestilling vedtatt i fylkestinget i juni 2016. Det er 5 vidaregåande skular med i prosjektet, og fagopplæringskontoret har prosjektleiaransvar. Det vil bli tilsett 5 yrkesfaglege koordinatarar som blant anna skal arbeide med overgangen frå skule til læreplass. Systematisk arbeid med overgangane og tettare samarbeid mellom skule og arbeidsliv vil gje ei meir føreseieleg utdanning for ungdommane.

Prøvenemndene er eit viktig ledd i kvalitetssikringsarbeidet. Dei skal sikre at kandidatane som består fag-/sveineprøva innehar den kompetansen som arbeidslivet forventar av ein fagarbeidar. Vi vil observere gjennomføring av prøva i dei 25 største faga. Kunnskapen vil vi bruke til kvalitetssikring av avviking av prøvene og opplæring av prøvenemndene. Vi skal også utvikle betre rutinar for oppnemning av prøvenemnder.

Samarbeid med partane

Auka gjennomføring er òg avhengig av tett samarbeid med arbeidslivet. Samfunnsoppdraget vårt er å arbeide for at opplæringa skal gje kompetanse som kvalifiserer til framtidig arbeid eller utdanning. Vi vil i 2017 starte arbeidet med ein lokal samfunnskontrakt for Hordaland. Samarbeidet mellom partane i arbeidslivet og det offentlege vil stå sentralt i dette arbeidet. Utan eit godt fungerande trepartssamarbeid greier vi ikkje å bygge ei heilheitleg fireårig utdanning. Det er eit mål å auke graden av gjensidig forplikting mellom partane. Fylkeskommunen vidarefører også aksjon lærebedrift, som er eit samarbeid mellom to av partane (NHO og LO) og Hordaland fylkeskommune.

Læringsmiljø

I arbeidet med auka fullføring vil innhaldet i opplæringa og læringsmiljøet vere ein viktig faktor for å sikre at ungdom i utdanning ikkje fell frå. Lærlingundersøkinga vil vere ei viktig kunnskapskjelde i dette arbeidet. I komande periode vil vi kartlegge korleis opplæringa til lærlingen vert dokumentert og undersøkje kva verdi dette har for bedrifta og lærlingen.

Lærlingane i Hordaland rapporterer i lærlingundersøkinga at dei stort sett ikkje har lagt merke til mobbing eller samarbeidsproblem på arbeidsplassen. Det er likevel 25 av 1459 lærlingar som svarar at dei er blitt mobba på arbeidsplassen kvar veke i 2016. Ein lærling som blir mobba, er ein for mykje. Svarprosenten på undersøkinga er 60%, og vi kan av den grunn rekne med at tilhøve som har med mobbing å gjere, er underrapportert. Regjeringa la 15. februar i år fram plan om nulltoleranse mot mobbing, og det er naturleg at dette vert følgt opp i alle deler av opplæringssystemet. Vi vil utarbeide ein handlingsplan mot mobbing i tett samarbeid med mobbeombodet og elev- og lærlingombodet.

Tiltaksplan 2017

- Arbeide med å auke opplæringskapasiteten i offentlege verksemder i tråd med tilrådingane til KS.
- Ferdigstille regional plan for kompetanse og arbeidskraft.
- Utarbeide eit heilskapleg kvalitetssystem for fag- og yrkesopplæringa.
- Prosjekt: kartlegging av fag- og yrkesopplæringa i Hordaland.
- Prosjekt: fleire ut i lære.
- Gjennomføre 40 dialogmøte med opplæringskontor.
- Gjennomføre 100 bedriftsbesøk.
- Utarbeide lokal samfunnskontrakt i Hordaland.
- Utarbeide handlingsplan mot mobbing.
- Gjennomføre observasjon under fag-/sveineprøvar i dei 25 største faga.
- Utarbeide rutinar for oppnemning av prøvenemnder.